

Osterøy IL Fotballgruppa

9

ÅRSmelding 2005

ORGANISASJON

Årsmøtet for 2004 vart avhelde 18.01. og 01.02.2005. Årsmøtet fekk ikkje avvikla val den 18.01., og dette vart gjort 01.02.

Dette styret vart vald:

Leiar	Svein Lohne
Nestleiar/skrivar	Solgunn Presttun
Kasserar	Tore Langeland
Materialforvaltar	
Leiar Sportsnemnd	Arild Fotland
Leiar Økonominemnd	Lisbet Neu
Leirar Banenemnd	Geir Lohne
Leiar Sponsornemnd	Kåre Bysheim

Pga eit nokon amputert styre, er det halde berre 3 styremøter, og dei fleste saker er løyst med direkte kontakt mellom leiar og dei ulike nemndene.

Leiar har også møtt i AU-hovudstyret, med ansvar for kunstgrasbana i Fugledalen.

Styreseminaret vart i 2005 halde i Osterøy Stadionbygg, der alle som vart valde på årsmøtet var innkalla.

IDRETT

OIL Fotball har i 2005-sesongen hatt 14 lag. A-lag, damelag og 12 aldersbestemte lag.

Damelaget møtte trekka seg, og A-laget rykka ned til 5. div.

Jr., Gutar og Smågutar var heilt i toppen på sine avdelingar.

Treningsstilhøva har også denne sesongen vore därlege. Kun ei halv fotballbane som også skal vera heimebane for 7-ar fotballen.

Heldigvis var det mogeleg å nytta grasbana for trening for A-laget.

ØKONOMI

Gruppa har inngått hovudsponsoravtale med Bergan Bygg AS for 05 – 06 – 07.

Elles er det inngått 2 stk. A-sponsoravtalar, 5 stk. B-sponsoravtalar og 2 stk. C-sponsoravtalar for same tidsrommet.

ANLEGG OG UTSTYR

Arbeidet med kustgrasbana har kome eit steg vidare i 2005. Det er utlyst reguleringsplan og søknad om spelemedlar er sendt til kommunen.

Om vi klarar å få bana ferdig i 2006 er avhengig av ei forsvarleg økonomisk løysing. Ansvaret ligg her hos Hovudsstyret, men fotballgruppa må nok bidra vesentleg her.

Banenemnda har fungert prikkfritt. Berre det å halda grasmatta på Osterøy Stadion er ein kjempejobb. Vidare er det utført arbeid med lys og fangnot på treningsbana.

MILJØ

Det at vi ikkje har teneleg heime- og treningsbane gjer at miljøet i og rundt fotballgruppa vert skadelidande. Samarbeidet med HFK og FIL fungerer bra, og gjer at dette vert vidareført.

Det er også innleia samarbeid med VHFK om eit jentelag.

INFORMASJON

OIL sine nettsider har vorte ei god informasjonskjelde i 2005.

Informasjon til og mellom trenrarar og tillitsvalde går i hovudsak via e-post.

Osterøy IL. Fotballgruppa.

MØTEBOK ÅRSMØTE 8.02.06

10 personar møtte

- 1: Ingen merknader til møteinnkalling.
- 2: Godkjenning sakliste: Ingen merknader.
- 3: Val av møteleiar: Svein Lone. (Samrøystes vedtatt)
- 4: Val av referent : Øyvind Litland.
- 5: Årsmelding : Godkjent.
- 6: Rekneskap : Resultat 2005 overskot på ca. 32000.

Årsmøtet vedtok å avskriva halvparten (25000 av 50000) av " utlånte" Pengar til legging av kunstgras på håndballbana v/ u.skulen.

Rekneskap godkjent med denne merknaden slik den ligg føre og slik Kasserar opplyser..

- 7: Treningsavgift 2006 : Årsmøtet vedtok å auka denne med 50 kr. I alle årsklassane..
- 8: Handlingsplan : Økonomi-- Må finna inntektskjelder for å finansiera låneopptak til kunstgrasbane i Fugledalen.
Informasjon-- Må ha betre rutinar for å informera pressa.
Handlingsplan vart godkjent med desse merknadene.
- 9: Budsjett : Godkjent utan merknader.
- 10: Val : Svein Lone gjekk igjennom lista med tillitsvalde og nye kandidatar.
Valnemda har jobba godt og fått folk til dei fleste verv. Manglar Førebels 6 personar i økonominemda. Årsmøtet likevel "godkjent" ifølgje Vedtekten, då ein har fått på plass leiar. Kåre Bysheim held fram i sponsornemd.

Referent : Øyvind Litland.